

Offentleg versjon av styreref:



Protokoll frå
styremøte 05.12.08, Oslo

Til stades:

Nils Øyvind Bergset
Mari Eggen
Marte Frihetsli
Dag Hovda Sture

Knut Erik Godtland deltok pr. telefon under sak 65; NM i folkemusikk.

Frå adm:

Jorun Hagen (delvis)
Magnar Sundt

Fråvær:

Jon Ellingsen
Solbjørg Tveiten
Knut Erik Godtland
Torunn Raftevoid Rue

SAKLISTE

- Sak 60 Konstituering av styret
- Sak 61 Referatsaker
- Sak 62 Organisasjonsprosessen, detaljert plan
- Sak 63 Organisasjonsprosessen; høyring blant medlemslaga i LfS
- Sak 64 Organisasjonsprosessen; samkjøring av administrasjonane i 2009
- prosess / tidsplan
- Sak 65 NM i folkemusikk, - tevlingsreglement
 - antal dommarkollegium
- Sak 66 Statens stipend for eldre fortente kunstnarar; forslag på nye
stipendiatar
- Sak 67 Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund;
- forslag på kandidatar til styra
- Sak 68 Frivillighet-Norge; Om frivilligskapsregisteret
- Sak 69 CIOFF Norge; situasjonen i dag og ei vurdering av framtida for
organisasjonen.
- Sak 70 Arbeidsprogrammet for 2009. Førebels gjennomgang etter
årsmøtet
- Sak 71 Personalsak
- Sak 72 Møteplan



Styremøte 05.desember 2008

Styresak 60 / 08 Konstituering av styret

Etter årsmøtet skal styret konstituere seg sjølv.
I praksis betyr det å velje nestleiar.

3 faste styremedlemmer hadde fråfall.
Styreleiar Nils Øyvind hadde hatt telefonkontakt med alle før møtet og drøfta spørsmålet.

På grunnlag av desse samtalan vart det gjort slikt

Vedtak:

Solbjørg Tveiten blir vald til nestleiar for 08/09.



Styremøte 05. desember 2008

Styresak 61/ 08 Referatsaker

1	Musikkutstysordninga	Musikkutstysordninga er etablert. LfS er ein av stiftarane av ordninga. Orientering under møtet.
2	Riksscenen	Informasjon om budsjettsituasjonen for Riksscenen og politiske innspel
3	Grenser for lyd	Orientering om prosjekt for å førebygge tinitus innan musikkmiljøet
4	Egil Bakka utnemnd som kommandør av St Olavs orden	Orientering frå festforestilling / mottaking / seminar i samband med utnemninga
5	Nord 08	Orientering frå Nordisk kappleik i Sälen 14.- 16. nov
6	Festkveld i Stryn for Rolf Myklebust	Festforestilling i samband med at det var 100 år sidan Rolf Myklebust vart født.
7	Norske festivalar	Nyheitsbrev november 2008
8	Ny organisasjon	Orientering om/rundt verksemd for å hindre at det blir etablert ein ny organisasjon (eit eige møte i samband med kappleiken i Bø).
9	Landskappleiken 2008	Skriftleg evalueringsrapport levert innan fristen.
10	NFD i høyring om statsbudsjettet	Notat overlevert familie- og kulturkomiteen om folkemusikken på statsbudsjettet for 2009
11	Regionale kompetansesenter	Orientering om situasjonen for etableringa av regionale kompetansesenter for rytmisk musikk
12	Hilmarfestivalen	Melding om ny publikumsrekord. Gunnar Stubseid blei tildelt Hilmarprisen.
13	Representantskapsmøtet i Rff	Referat frå rep-møtet og Mangfaldsseminar. Elias Akselsen tildelt Rff-prisen
14	NMR; Musikktorget	Referat frå Musikktorget 2009. Dagleg leiar deltok
15	TONO-avtalen	TONO har sagt opp gjeldande avtale. Eit utval i NMR forhandlar fram ein ny avtale.
16	Spelemannsbladet	Avslag på søknad om innkjøpsstøtte
17	Lotteri- og stiftelsestilsynet	Vedtak om mva-kompensasjon for 2007. LfS får kr 164 093 i kompensasjon.

18	Leigesituasjonen i Kirkegt. 20	Orientering under møtet
19	Norsk musikkråd	Har tilsett Holger Gulbrandsen som ny dagleg leiar. Han startar i jobben 1. des.
20	Torkjell Haugeruds Minnefond	Årsmelding for 2007
21	Styreprotokollane på nettet	Nils Øyvind vil innføre ein praksis der alle styreprotokollane blir lagt ut på nettet. (naturlegvis med unntak av interne saker (personalsaker, æresmedlemmer).
22	Kulturdepartementet	Melding om at dei har løyva kr 200 000 til organisasjonsprosessen.
23	Dagleg leiar	Munnleg referat frå møte i utvalet som skal vurdere positive og negative sider ved å evt slå saman Landskappleiken og Landsfestivalen. Utvalet har hatt 3 møte og planlegg eit siste møte i januar. På dette grunnlaget blir rapporten laga.
24	NM i folkemusikk	Dagleg leiar refererte at det er underteikna kontrakt mellom lokal og sentral arrangør.
25	Dagleg leiar	Refererte at det er sendt ein fellessøknad til LNU om støtte til "vidareutvikling av sommarkurs og andre kurs i organisasjonen".
26	Folkemusikkstatistikk	Informasjonsansvarleg Frode har utarbeidd ferdig statistikk over folkemusikken sin andel av off støtteordningar for 2008.12.08. Statistikken blir sendt styret og vararepr på e-post.



Styremøte 05.desember 2008

Styresak 62 / 08 Organisasjonsprosessen, detaljert plan

Organisasjonsprosessen fram mot ein ny organisasjon frå og med 1. januar 2010 krev ein rimeleg stram og detaljert gjennomføringsplan.

Nils Øyvind har hatt eit møte med styreleiar og dagleg leiar i NFD.

Styret gjekk gjennom utkastet og vedtok planen.



Styremøte 05.desember 2008

Styresak 63 / 08 Organisasjonsprosessen, høyring blant medlemslaga i LfS

Planen for organisasjonsprosessen (sak 62 – førre sak) slår fast ei høyring blant både medlemslaga og blant medlemmene.

Vedtak:

Administrasjonen lagar eit førsteutkast til spørsmålstilling i høyringsbrevet ut til laga m/ei innleiing.

Deltaking på årsmøte i fylkeslaga blir tatt opp seinare når ein veit tid og stad for møta.



Styremøte 05.desember 2008

Styresak 64 / 08 Organisasjonsprosessen, samkjøring av administrasjonane i 2009 - prosess, tidsplan

Nils Øyvind har hatt eit møte med styreleiar og dagleg leiar i NFD der dette vart drøfta. Konklusjonen frå dette møtet er at;

Vi ber styrene om å etablere en styringsgruppe for det administrative samarbeidet mellom organisasjonen i 2009. Den skal bestå av styreledere og daglige ledere. Haldis lager utkast til vedtak. Denne styringsgruppa er ansvarlig for at et overordnet samarbeidsdokument

utarbeides til styremøtene i januar og februar for godkjenning der. I tillegg har vi ansvaret for at de konkrete planene for samarbeidet blir laget og fulgt opp utover året.

Styret fatta slikt

Vedtak:

Styra i LfS og NFD set ned ei arbeidsgruppe med daglege leiarar og styreleiarar som har ansvaret for det administrative samarbeidet i 2009.

Styringsgruppa utarbeider ei formell samarbeidsavtale for 2009, er ansvarleg for at det blir utarbeida konkrete planar i administrasjonen, og for oppfølginga av desse planane.

Styringsgruppa har fullmakt til å leige inn ekstern kompetanse i denne prosessen ved behov.



Styremøte 05.desember 2008

Styresak 65 / 08 Tevlingsreglement for NM i folkemusikk

Det vart lagt fram eit ukast til tevlingsreglement for NM i folkemusikk.

Det same utkastet vart drøfta på eit møte i hovudkomiteen for NM vel ei veke før styremøtet.

Bjørn Lien som er tevlingsleiar for neste års arrangement, deltok på møtet under denne saka.

Lokal arrangør ville ha eit svar på desse spørsmåla

1. Kan dansarane stille opp i to pardansar(som i dag)?

Vedtak: Ja. I pardans kan ein dansar danse to dansar, men da må dansane vere i ulik taktart.

2. Er det aktuelt / ønskeleg å dele opp klassa for durspel / trekkspel ?

Vedtak: Nei. Det blir ein felle klasse for solo durspel og trekkspel.

3. Er det aktuelt/interessant med seeding i seniorklassa – dans og solo hardingfele/fele?

Vedtak: Nei. Ein skal ikkje seede deltakarane.

4. Gruppespel, lagspel og solo hardingfele/fele: Skal det skiljast mellom slåttespel og runddansspel, eller skal det berre vera ei klasse i spel der ein blandar sjangrane?

Vedtak: I desse klassane skal det ikkje skilje mellom slåttespel og runddansspel. Utøvarane kan velje fritt i slåttespel og runddansrepertoaret innafor ein og same klasse.

5. **Endeleg klassesdeling. Skal det t.d. vera juniorklasse i lagspel?**

Vedtak: Det skal vere eigen jr-klasse i både lagspel og lagdans.

6. **Endeleg avgjerd på domarsetta; kva for klassar dei skal dømme.**

Vedtak:

Dans hardingfele	eitt domarsett
Dans fele	eitt domarsett
Lagdans	begge domarsetta
Lausdans	begge domarsetta
Spel hardingfele	eitt domarsett
Spel fele	eitt domarsett
Lagspel	begge domarsetta
Vokal	eitt domarsett
Eldre folkemusikkinstrument	eitt domarsett
Gruppespel	
Open klasse	eitt domarsett
Spel durspel / trekkspel	eitt domarsett

Til saman 8 domarsett à 3 domarar= 24 domarar

7. **Finalar: Kor mange? Er det ok med finale i dans?**

Vedtak: Det skal være to typar finale; dansefinale og konsertfinale.

Det skal berre vere finalar i seniorklassane.

Det blir dansefinale for durspel/trekkspel, lag og grupper.

Styret avgjer på neste styremøte, etter forslag frå lokal arrangør, kva for konsertfinalar ein skal ha.

8. **Premiering: Pengepremiar, medaljar, kor mange skal premierast osv. Skal alle rangerast ?**

Vedtak:

1/3-del i kvar klasse skal ha premie.

Landsfestival-medaljane blir ikkje delt ut.

Vinnarpremiar (bronsestatuettane) blir ikkje delt ut.

I alle klassar der det er finale, skal dei tre beste ha pengepremiar.

Pengepremiar kjem da i staden for annan premie.

Alle får deltakarpremie.

Vandrepremiar går som normalt.

Rangering: I seniorklassane skal alle rangerast m/poengsum. I juniorklassane rangerast berre 1/3-del.

9. **Er det spesielle føringar for korleis tevlingsprogrammet skal sjå ut frå dag til dag?**

- styret meiner at kongepokaltevlinga bør gå på laurdag.

I følgje kontrakten skal styret i LfS godkjenne tevlingsprogrammet. Lokal arrangør må sette opp eit program slik dei meiner er best ut frå alle dei omsyn ein må ta. Styret får så vurdere dette konkrete oppsettet.

Styret må sjå på dommarskjemaa på eit anna møte. Passar dei skjema som vi har, eller må dei tilpassast dette spesielle arrangementet.

Endeleg vedtatt tevlingsreglement blir utarbeidd ut frå dette vedtaket.

Presentasjon av reglementet

Reglementet for NM i folkemusikk må presenterast og bli informert om slik at det når flest mogleg.



Styremøte 05. desember 2008

Styresak 66 / 08 Statens stipend for eldre fortente kunstnarar

Rådet for folkemusikk og folkedans har sendt oss eit brev med oppmoding om å fremme kandidatar til statens stipend for eldre fortente kunstnarar.

Til:

Landslaget for Spelemenn
Noregs ungdomslag
Norsk Folkemusikk- og Danselag
Norsk folkemusikklag

Statens stipend for eldre fortente kunstnarar

Som ein del av ordninga med statlige stipend for kunstnarar, finnes det eit eige stipend for eldre fortente kunstnarar. Stipendet har som føremål å vere ei påskjøning for mangeårig og verdfull innsats. **For tida er stipendet på 20 000 kr.** årleg og blir tildelt livet ut eller til det blir sagt opp av stipendiaten.

Stipend blir tildelt etter forslag frå ei gruppe eller organisasjon som har god kjennskap til kunstnaren si verksemd. Ein kunstnar kan òg sjølv fremje kandidaturet sitt gjennom ein kunstnarorganisasjon. Stipendet blir tildelt etter innstilling frå sakkyndige stipendkomitear. For tida blir det utbetalt vel 250 slike stipend, og det blir årleg nominert nokre nye stipendiatar. Meir informasjon finn de på nettsidene http://www.kunstnerstipend.no/stipend/eldre-fortjente-kunstn_/.

Innanfor folkekunst er det òg nokre som mottek dette stipendet. Sakkyndigkomiteen for folkekunst skal ha innstillingsmøte for tildelingar i 2008 og ønskjer seg fleire nominasjonar til

eldre fortente folkekunstnarar, spesielt innafor folkedans, folkemusikk og instrumentbygging.

Vi ber om at organisasjonane innanfor feltet vurderer om dei kjenner til kunstnarar som burde vore nominert til stipendet. Forslag med grunngjeving og omtale av kunstnaren sender de til Rff-sentret v/Truls Sørensen (som er sekretariat for folkekunstkomiteen). Om nomineringa skal komme med i år, treng vi forslaget **innan 25. januar**. Om dette er for kort frist, ber vi dykk vurdere om de har forslag som kan komme med neste år. Slike forslag kan de sende inn når som helst.

Kven er stipendiatar:

AV i alt 275 stipendiatar på lista, finn eg desse som blir definerte som folkekunstnarar, samt 1 som er definert som populærkomponist:

Austenå	Salve	Folkekunstnere
Gullikstad	Peder	Folkekunstnere
Kvåle	Agnes	Folkekunstnere
Lund	Birgit Rike	Folkekunstnere
Nyhus	Sven	Populærkomponister
Simon	Li	Folkekunstnere
Skogum	Jacob	Folkekunstnere
Steinsrud	Knut	Folkekunstnere
Vabø	Finn	Folkekunstnere
Øyaland	Olav K.	Folkekunstnere

Vedtak:

Styret tar opp att saka på det første møtet over nyttår.

Styremedlemmene fremmer kandidatar frå sine regionar.

Kandidatane skal vere frå 67 år → . Dei skal framleis vere aktive. Ein kan prioritere å fremme kvinnelege kandidatar.



Styremøte 05.desember 2008

Styresak 67 / 08 Val til Norsk musikkråd / Musikkens studieforbund

Valkomiteen for Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund har starta arbeidet fram mot landsmøte og musikkting i 2009.

Valkomiteen består av:

Alexander Krohg Plur,	Musikk i skolen	leiar
Inger Strand	NMR Tromsø	
Grete Berntzen	Norges barne- og ungdomskorforbund	
Vara: Anna-Ma Hagen	NMR Nord-Trøndelag	

Valkomiteen oppmodar alle som har forslag til styreleiarar og styremedlemmer til dei to styra om å sende inn forslag.

Det er ikkje sett nokon tidsfrist.

Folkemusikken har aldri vore representert i styret til NMR / Musikkens studieforbund.

To gonger har vi hatt ein vararepresentant. (Ivar Schjølborg og Jorun Marie R Kvernberg)

Styret drøfta eit par namn ein vil sjekke ut.

Styrerepr kan fremme forslag på kandidatar til det første styremøtet over nyttår da saka blir tatt opp att.



Styremøte 05.desember 2008

Styresak 68 / 08 Frivillighetsregisteret

Frivillighet Norge har sendt ut følgjande informasjonsbrev om det nyetablerte Frivilligskapsregisteret. I dette brevet er det eit eige punkt om kva sentralorganisasjonane kan gjere for å bistå eigne lag:

Frivillighetsregisteret åpner for registrering!

Et register for frivillig virksomhet vil gi organisasjonene mulighet for å fokusere mer på sine kjerneaktiviteter, sier styreleder for Frivillighet Norge, Sven Mollekleiv.

Frivillige lag og organisasjoner kan sende inn registrering til Frivillighetsregisteret fra 2. desember 2008. På grunn av en omlegging av Altinnportalen har startdatoen blitt utsatt med en dag. Vi oppfordrer dere til å følge med på www.brreg.no eller www.altinn.no for å finne informasjon om tidspunkt.

For at registreringsprosessen skal kunne gjennomføres så enkelt som mulig, ønsker Frivillighetsregisteret å gi dere en del nyttig informasjon i forkant av oppstarten. Videre informasjon om oppstart av registeret vil dere etter hvert finne på www.brreg.no.

Grasrotandelen

Registrering i Frivillighetsregisteret er en forutsetning for deltakelse i Grasrotandelen. Grasrotandelen er en ordning som vil gjøre det mulig for spillere hos Norsk Tipping å gi inntil 5 % av sin spillinnsats til en lokal organisasjon spilleren ønsker å støtte. Grasrotandelen vil ha oppstart i mars 2009.

Utbetaling av midlene vil skje tre ganger i året. Organisasjoner som ønsker å kunne delta i ordningen fra oppstart, og få med seg første utbetaling, bør sende melding til Frivillighetsregisteret så tidlig som mulig.

Hva kan de sentrale leddene av organisasjonene gjøre for å bistå egne lokallag?

I forbindelse med registreringen vil lokallagene kunne støtte på en del problemstillinger der informasjon de sentrale ledd kan gi på forhånd vil bidra til å lette prosessen.

Det kan for eksempel være aktuelt at dere så snart som mulig tar stilling til følgende spørsmål:

- Skal vi oppfordre våre lokallag til å registrere seg?
- Kan vi gi dem noen informasjon om hvilken kategori de skal registrere seg i?
- Skal vi oppfordre våre lokallag til å la seg registrere som deltaker i Grasrotandelen?
- Har våre lokallag rett til å delta i Grasrotandelen?
- Har min organisasjon sentralt noen bestemte ønsker om hvorvidt våre lokallag skal svare "ja" til registrering av vedtekter?
- Har min organisasjon sentralt noen ønsker om hvorvidt våre lokallag skal svare "ja" til at de påtar seg å sende inn årsregnskap?
- Kan min organisasjon sentralt se andre aktuelle forhold der det er mulig å gi standardsvar som passer for alle lokallag?

Vi gjør dessuten oppmerksom på at Kultur- og kirkedepartementet også vil sende ut informasjon til de store nasjonale organisasjonene. Slik informasjon vil komme i den nærmeste fremtid.

Vedtak:

Administrasjonen i LfS utarbeider og sender ut eit infoskriv til laga om frivillighetsregisteret. Styret meiner at ei registrering vil vere positiv for våre medlemslag.



Styremøte 05.desember 2008

Landslaget for Spelemenn er ein av medlemmene i CIOFF Norge. Dagleg leiar sit i styret.

Styret i CIOFF Norge har sendt eit brev til medlemmene der det kort og godt blir stilt spørsmål vel om det rett og slett er grunnlag for å legge ned heile organisasjonen. Brevet, litt komprimert, seier følgjande:

Situasjonen i CIOFF Norge i dag

I arbeidsåret 2007-2008 var det bare ett lag, Hallingdal Ungdomsring, som reiste på CIOFF-festival, "Baltikafestivalen". For ett annet lag, Hedmark Danselag, ble festivalen i Østerrike 2008 avlyst. For Ungdomsgruppa i Bergen Ungdomslag ble det jobbet med deltakelse i festival i Finland 2008, men det lyktes ikke. CIOFF Norge mottar mange henvendelser og invitasjoner til festivaler gjennom året. Til tross for at vi har 21 betalende medlemmer / grupper / organisasjoner i CIOFF Norge, synes vi at interessen og aktiviteten for å dra på festivaler er merkelig liten. Kanskje er den type festivaler som CIOFF tilbyr rett og slett ikke det norske lag eller grupper synes er interessant eller er villig til å bruke ferie/fritid til. Årsmøtedeltakelsen i CIOFF Norge er heller ikke stor fra medlemmene. De siste åra har bare representanter for LfS og NU møtt.

Vi får mange henvendelser fra utenlandske grupper som gjerne vil til Norge. Dessverre kan vi bare formidle gruppene til èn festival, Førde-festivalen, som er medlem i CIOFF Norge, men ikke definerer seg som en CIOFF-festival. Førde-festivalen er ikke heller typisk CIOFF-festival, fordi den er vesentlig en musikkfestival og en konsert/framsyningsfestival, og festivalen setter store krav til aktører/grupper som kan delta og velger ut fra profesjonelle kriterier. Vi er imidlertid glade for at Førde-festivalen er medlem av CIOFF Norge.

Når det gjelder informasjon til medlemmene har styret har jobbet for å få reklamere for CIOFF-festivaler gjennom:

- *Informasjonsfolderen retta mot lag og grupper i Norge*
- *annonsering i medlemsblada til LfS og NU*
- *å dele ut info-brosjyren på kappleiker, Landsfestivalen, Folkekulturfestivalen til NU*
- *informasjon på heimsidene til LfS og NU*

Med denne heller lave interessen for CIOFF blant medlemmene våre, er nå motivasjonen til styret dalende for å fortsette arbeidet i CIOFF Norge på denne måten.

Oppsummert er situasjonen slik

- *Vi har nesten ingen lag som vil reise på festivaler. Dette har vært situasjonen gjennom flere år.*
- *Vi har ingen egentlig CIOFF-festival i Norge Vi tror ikke at vi i vil kunne arrangere noen CIOFF-festival i Norge i overskuelig framtid.*
- *Vi har jobbet med informasjon gjennom organisasjonene, lagt ut info-brosjyren på folkemusikk/dans arrangement, alle medlemmer får informasjon fra CIOFF på post/e-post og både LfS og NU formidler invitasjonene videre på sine nettsider.*

Det vi må ta stilling til er

- *Kan vi klare å få flere lag og grupper interessert i å dra på CIOFF-festival. Hva kan eventuelt NU og LfS bidra med her?*

- *Skal vi fortsette medlemskapet i CIOFF eller nedlegge CIOFF Norge?*
- *Kan arbeidet som CIOFF Norge gjør i dag, overtas av f. eks NU eller LfS sin sentrale administrasjon? Vi gjør oppmerksom på at medlemskapsavgiften til CIOFF må betales uansett. Den er nå 600 Euro i året.*
- *Er det fornuftig at et styre på 5 personer administrerer så liten aktivitet?*

Det nåværende styret ser ikke at det kan ta ansvar for at CIOFF Norge fortsetter sitt arbeid i den formen som det har nå. De medlemmene som ønsker at CIOFF Norge skal fortsette omtrent som i dag, må selv være villig til å sette folk aktivt inn i styret for CIOFF Norge.

Hovedspørsmålet til medlemmene er:

1) Skal CIOFF Norge holde fram i sin nåværende form eller skal vi melde oss ut av CIOFF og CIOFF Norge legges ned?

2) Bør det eventuelt søkes å drifte CIOFF Norge på alternativ måte?

Nokre medlemmer har allereie svart.

Noregs Ungdomslag har gitt tilbakemelding på at dei gjerne kan overta oppgåvene til CIOFF-Norge og ivareta medlemmene sine interesser. Det må diskuterast korleis denne jobben skal kompenseras økonomisk.

Styret fatta slikt

Vedtak:

CIOFF-Norge kan ikkje halde fram som organisasjon i si noverande form.

LfS støttar eit forslag om å spørje NU om å overta oppgåvene til CIOFF-Norge og formidle invitasjonar.

Våre medlemslag må framleis få dei aktuelle tilboda om kunne delta på CIOFF-festivalar.

LfS er villig til å dekke ein kostnad for at dette skjer.



Styremøte 05. desember 2008

Styresak 70 / 08 Gjennomgang av arbeidsprogrammet for 2009

Det blei ikkje tid til å gjennomgå arbeidsprogrammet.

Styret lurte spesielt på eit par punkt;

1) Utviklinga at eit nytt data tevlingsprogram for neste års NM i folkemusikk.

Svaret er at det er tatt kontakt med programmerarar om å ta utviklingsjobben.

2) Status for arrangørar av LK og LF i åra framover.
LK har arrangør i 2010 (Voss).
LF har ingen arrangør klar etter 2009.
Begge arrangementa må lysast ut til laga med det første.

Arbeidsprogrammet blir ein fast post på alle styremøta framover – slik at ein til ei kvar tid veit om ein er à jour med gjennomføringsplanen.



Styremøte 05.desember 2008

Styresak 71 / 08 Personalsak



Styremøte 05.desember 2008

Styresak 72 / 08 Møteplan

Eg veit at styremedlemmer har ulike ønskje om kva for dagar som passar best som møtedagar, så derfor foreslår eg vekenr, og så møtet bli einige om kva for vekedag som er den beste. (det er sjølv sagt også fullt mogleg å endre forslaget til vekenr.)

Dei siste åra har styret prioritert å ha vanlege dagmøte utanom helger. Både styremedlemmer og administrasjonen har hatt ønskje om å skjerme helgene mot møte.

Det nye styret må sjølv bestemme kva det vil.

Nokre styremøte har også vore haldne som telefonmøte, med gode erfaringar. Slike møte sparar pengar !

Sist, men ikkje minst, i 2009 må styremøte i LfS samordnast med styremøta i NFD. Ideelt sett bør vi ha fellesmøte kvar gong NFD har sine styremøte (som berre er halvparten så ofte som LfS sine). Vi må koordinere møtekalenderen med dei.

Vedtak:

Det blir styremøte torsdag 15. januar.

Styremøte frå kl. 10 →. Fellesmøte med styret i NFD frå kl. 16.30 – ca 20-21.

Saker ein allereie no veit skal opp på dette møtet:

- gjennomgang av Folkemusikkscena
- gjennomgang av Spelemannsbladet
- organisasjonsprosessen
- Folkelarm; styringsdokument, m.a. retningsliner for juryarbeid


Vidare møteplan fram mot sommaren blir sett opp på det første møtet i 09.

Nils Øyvind Bergset
sign

Mari Eggen
sign

Marte Frihetsli
sign

Dag Hovda Sture
sign



Magnar Sundt
referent